



SOGN REGIONRÅD



Programplan for System for styrka læring i Sogn 2022 - 2030

Bakgrunn frå evalueringar

- felles ramme rundt skuleutviklinga i regionen
- å lære av kvarandre- delingsprinsippet og delingskulturen
- nettverka er læringsarena
- samarbeidet med UH – sektoren
- små kommunar får mest igjen
- felles styrar og rektorsamarbeid
- kompetanse og det å ha tru på arbeidet
- barnehagen er med

Tverrfagleg samarbeid og nettverksbygging har også vore trekt fram som styrkar i arbeidet.



Prioritering av vidare arbeid frå leiarane

Barnehage	Felles	Skule
Psykisk helse og livsmeistring *		Psykisk (og fysisk) helse *
Ny barnehagelov *		Fagfornynging med dei tre overordna tema
Overgang barnehage/skule/vgs *		Overgangar og samanheng mellom lovverk og planverk *
Språk, fleispråklege og alle		Språk, gjennomgåande tema
Spesped , førtilmeldingsfase		Førtilmeldingsfasen Tilpassa opplæring Vurdering av effekt av tiltak
Foreldresamarbeid - vaksenrolla - tidleg innsats - berekraftig utvikling		Heim- skulesamarbeid
Tverrfagleg samarbeid		Tverrfagleg samarbeid
Det utforskande barnet		Elevrollen, elevmedverknad, klasseleing i ny kontekst
		Lærande organisasjonar
		Vurdering

Programplan for System for styrka læring i Sogn 2022 - 2030






Målsetjing og satsingsområde

Mål: Livsmeistring gjennom styrka tilpassa og inkluderande opplæring for alle

- Planen er lagt opp for langsiktig arbeid og vil gjelde for 2022-2030. Han er ei felles satsing i kompetanseregionen. Det same gjeld for lærarspesialistane sin funksjon og at pedagogisk-psykologisk-teneste (PPT) er sentral aktør i dette arbeidet.
- Programplanen har fire prioriterte programområde:



Programområde 1 «Fysisk og psykisk helse»:

- kompetanse til å fremme fysisk og psykisk helse
 - bevisste val til å meistre medgang og motgang
-
- Livsmeistring og helse er eit sentralt tema i Rammeplanen for barnehagen og eit av tre tverrfaglege tema i fagfornyinga.
 - korleis har barna og elevane det når det gjeld kjensler, tankar og handlingsmønster.
 - styrke barna sitt oppvekstmiljø og gje dei kompetanse som fremmar god fysisk og psykisk helse, noko som har betydning for framtida deira og for folkehelsa. Godt arbeid på dette feltet styrkar og læringa til barna.
 - gje dei verktøy til å takle medgang og motgang som livet gjev.
 - Sogn regionråd har og ein vedteken plan for dette arbeidet, «Regional plan for arbeidet for god psykisk helse hjå barn og unge» og arbeid med basiskunnskap til personalet gjennom kompetansemodular.
 - styrke leike – og læringsmiljøet og læringsfellesskapet i barnehage og skule
 - gje barna/elevane god sosiale kompetanse, sjølvinnsikt og kjensle av meistring.
 - Det er viktig å ha eit tverrfagleg samarbeid kring dette tema med både helsestasjon og ppt. Eit godt samarbeid vil fremja tidleg innsats og igangsetjing av tiltak raskt. Rutinar for dette må liggje til grunn i kvar kommune.

Programområde 2: «Tidleg innsats og språkutvikling»


- -godt samarbeid mellom barnehage og grunnskule
- -tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og skulefritidsordning (sfo)
- - god språkutvikling
- I stortingsmelding Meld. St. 6 (2019-2020) Tett på –tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og sfo finn ein følgjande:
- «Tidlig innsats betyr et godt pedagogisk tilbud fra tidlig småbarnsalder, at barnehager og skoler arbeider for å forebygge utfordringer, og at tiltak settes inn umiddelbart når utfordringer avdekkes. Tiltak kan være å tilrettelegge innenfor det ordinære tilbudet og/eller ved å sette inn særskilte tiltak.»
- Barnevernsreforma, eller oppvekstreforma, gjeldande frå 1.januar 2022 legg og særleg vekt på tidleg innsats

Programområde 3: «Entreprenørskap»

- utvikle skaparglede og utforskartrøng gjennom tverrfagleg arbeid
- Entreprenørskap er ein sosial og dynamisk prosess, der ein ser moglegheiter og gjer noko med dei ved å omforme idear til praktisk og målretta aktivitet i ei sosial, kulturell eller økonomisk samanheng. Dette programområdet handlar om framtid, samspel og skaparglede.
- Kreativitet, kritisk tenking og skapartrøng er moment både i rammeplan for barnehagen og læreplanen i framtidens skule.
- Det overordna målet er å styrke barna og elevane sine personlege eigenskapar, som kreative evner, trua på eigne ferdigheiter og lære seg å sjå moglegheitene i lokalsamfunnet sitt og bli motivert til å bli ein aktør i utviklinga av dette. Vi må ha fokus på å vidareutvikle dei etablerte tiltaka på programområdet gjennom entreprenørskap for barneskulen til og med vidaregåande skule og nytte leiarnettverka til dette.
- Entreprenørskap handlar om elevaktiv læring basert på erfaringar som barn og ungdom har med seg inn i barnehage og skulen. Vi må styrke bruken av slike variasjonsrike og inkluderande opplæringsstrategiar. Den årlege entreprenørskapsmessa for ungdomstrinnet må halde fram.

Programområde 4: Medverknad og vurdering for læring og gjennomføring av skuleløpet

- kritisk tenking og refleksjon på system – og individnivå
- få kunnskap som kan brukast i kjende og ukjende situasjonar
- bli bevisste på verdien av eit gjennomført skuleløp individuelt og samfunnsøkonomisk
- arbeide aktivt mot utanforskap (BarnUnge21 – strategien)



Raud tråd i utviklingsarbeid

- Langsiktig arbeid
- Halde fast ved utviklingsarbeid over tid og vidareutvikle satsingar
- Satse på felles utviklingsområde for heile oppvekstløpet
- Dra nytte av utviklingsarbeid som går i enkelte kommunar
- Trekke inn FNs berekraftsmål
- Trekke inn den nye barnevernsreforma (oppvekstreforma)

- Halde oppe fokus på overgangar og gjennomføring av skuleløpet
- Arbeid for å hindre utanforskap (BarnUnge21 – strategien)

Proessen

Kva	Når	Kven
Nedsetjing av arbeidsgruppe	11.05.2020	Programstyret
Oppstartsmøte	23.06.2020	Arbeidsgruppa
Møte	01.09.2020	Arbeidsgruppa
Forankring og drøfting av målsetjing og satsing vidare	20.10.2020	Leiarar i barnehage, skule og kommune, samt ppt
Framlagde resultat etter leiarsamlinga den 20.10	09.11.2020	Programstyret
Møte	09.02.2021	Arbeidsgruppa
Informasjon om planen så langt	03.03.21	Programstyret
Styrarnettverk	23.03.21	Tilsette i bhg leiarar
Leiarsamling skule	24.03.21	Tilsette i skule , leiarar
Orientering om programplanen	21.04.2021	Regionrådet
Handsaming av plan	05.05.2021	Programstyret
Utsending av forslag til kommunane	07.05.2021	Administrativt
Tilbakemelding frå kommunane	Innspelsfrist 1.juni.2021	
Vedtak av plan i Sogn regionråd	11.06.2021	Regionrådet
Politisk handsaming i kommunane	Hausten 2021	
Rapportering til SR		